Årsmelding Allidrett – Barneidretten Ørsta IL for sesongen 2019/2020

Barneidretten i Ørst IL, allidretten, gjeld for barn frå 4 til 6år. I år var det allidrett for barn født i 2013,2014 og 2015. Dei eldste, 6-åringane, har treningstid i Ørstahallen, mens dei andre gruppene har brukt gymsalen på Vikemarka skule. Dette fungerer godt. Denne sesongen fekk vi ein treningstime mindre enn det vi har hatt tidlegare Vikemarka, slik at kunne tilby færre 4-åringar eit tilbud. Sesongen til allidrett er frå etter haustferien til påskeferien, i år fekk sesongen ein brå slutt pga Koronasituasjonen. Som alle andre grupper i Ørsta IL, har allidretten stort behov for foreldre som er villege til å stille som aktivitetsleiarar/trenarar, då alllidretten er eit foreldredrive tilbod. Gruppa har ikkje eigne trenarar.

4-åringane:

Desse har øktene sine i gymsalen på Vikemarka skule. Denne sesongen har det vore 1 grupper, totalt ca 28 barn. Gruppa har hatt ein kontaktperson, med ei arbeidsgruppe/leiargruppe på 4 vaksne som alle ynskte å ta ansvar for aktivitetane. Dei har då primært planlagt øktene.

5-åringane:

Det har vore 2 grupper med 5-åringar, totalt ca 40 stk. Dei har også øktene i gymsalen på Vikemarka skule. Desse gruppene har hatt ein vaksen som har hatt hovudansvaret for kullet, mens kvar gruppe har hatt alle foreldra deltakande i å planlegge/lede øktene.

6-åringane:

Siste året på allidrett er noko annleis organisert, då dei er innom om lag alle idrettane Ørsta Idrettslag tilbyr. Det er då i utgangspunktet særidrettane sitt ansvar med å stille med både trenarar og utstyr til den enkelte aktiviteten. Allidretten bidrar sjølvsagt med det ein har. I år fekk ein til både innebandy, fotball, handball og klatring. Skulle byrje med friidrett då allidretten vart avlutta pga Korona.

Totalt har det i år vore med ca 21 barn på 6års gruppa og det er det lågaste antalet det har vore på denne gruppa så lenge eg som leiar veit om. Det er derfor diskutert innad i gruppa korleis vi skal gjere dette, då ein ser eit behov for endring. Dette er også fordi alle særgruppene i idrettslaget no tilbyr trening/aktivitet frå barna er 6år. Før var det fleire som ikkje hadde tilbod før dei var 7år. Gruppa er også ei sårbar gruppe, barna er endå små, slik at det kan vere stor variasjon i deltakarantalet.

<u>Totalt i år har det vore om lag 89 barn i Allidretten.</u>

Økonomi:

Inntektsgrunnlaget til allidretten er ukjent, då allidretten er eit gratis tilbod ØIL skal ha. Vi gir ut informasjon til alle som er med ang betaling, men veit pr i dag ikkje kor mange som betaler medlemskap til ØIL merka Allidrett. Samtidig er også barneidretten gratis, slik at det er frivillig å betale. Økonmien er elles sagt å vere god, slik at det er mogleg å få kjøpt inn utstyr. Dette har ikkje

vore gjort, då ein måtte vente lenge på lagerplass. No er det i orden, og ein må då ta ein gjennomgang på kva ein ynskjer til neste sesong.

Plan vidare for Allidretten:

Det er viktig for dei minste å halde fram å vere i gymsalen på Vikemarka, då den også gir svært gode rammer for dei. Som nemnt over, må ein sjå på behov for endringar for 6åringane. Dette skal diskuterast vidare.